



Dei to vinnarane i Åkraløpet Hanna Tvilde og Sindre Omvik saman med Kurt R. Jekteberg og Bjørn Rune Bergane frå arrangørane.

**Åkraløpet vart arrangert for 26. gong pinseaftan, med flotte løpsforhold. Nok ein gong vart det sett deltakarrekord i dette populære løpet. Heile 91 deltok i konkurranseklassen med 170 var med i trimklassen. Det var mange uskedelingar blant deltakarane, og det 14 år gamle talentet Hanna Tvilde vart aller best i kvinneklassen.**

Hanna Tvilde fekk dermed første napp i vandrepokalen. Mange andre unge uskedelingar gjorde også kjempegode løp. I herreklassen vann omvikdelingen Sindre Omvik. Han imponerte også stort og sette ny løyperekord i det 3,2 km lange løpet. Han vart første løpar under 10 minutt.

**Vi kjem attende med meir stoff og mange fleire kjekke bilete når resultatata føreligg.**

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Trond M. Myklebust